

Kommentar frå Kvinnherad turlag om bygginga av Onarheim transformatorstasjon

Bygging av trafostasjonen kjem i eit område med mange stiar og turveggar. Området er mykje brukt, då det er eitt av primærturområda til den tettast busette delen av Kvinnherad kommune. Turar til Bremstølen, Nordfjell, Svartavatnet og Mjelkhaug går langs turstiane som er markert på kartet under. Turane er populære for alle aldersgrupper, og er også mykje brukt blant skulane i området. Særleg turstien opp til Bremstølen frå Husnes motor (sjå blå strek på nordsida av Hellandselva) er me uroa for at kan bli hardt råka av denne utbygginga. Me ber om at det blir teke omsyn til friluftslivet i området, og at stiane blir haldne opne for ferdsel både i anleggstida og i tida etterpå. Me ber også om at eventuelle inngrep blir revegetert så godt det lar seg gjere, både for naturen sin del, og for turopplevinga. Me stiller spørsmål til om det er gjort ei konsekvensutgreiing av området. Om ikkje ber me om at det blir gjort.

Med venleg helsing

Kvinnherad turlag



Henta frå: <https://ut.no/turforslag/1112154569/tursti-til-bremstlsvatnet-fra-husnes-kvinnherad>